

Forskrift om ekstraordinær bandtvang for hund i 2018, Vestre Slidre kommune, Oppland

Heimel: Fastsett av Vestre Slidre kommune 19. februar 2018 med heimel i lov 4. juli 2003 nr. 74 Lov om hundehold (hundeloven) § 6 andre ledd bokstav f.

§ 1. Formål

På bakgrunn av ekstraordinære forhold for viltet, med lokalt store snømengder, blir det innført ekstraordinær bandtvang for hundar i Vestre Slidre kommune. Dette inneberer at hundar skal holdast i band eller forsvarlig innestengt eller inngjerda, slik at dei ikkje kan jage eller skade hjortevilt.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld for Vestre Slidre kommune i Oppland, under 1000 moh. Reglane gjeld ikkje for:

- a) Hund når den brukast i reindrift
- b) Dressert bufeland når den brukas til å vakte storfe, sau eller geit.
- c) Hund i aktiv politi-, toll-, militær- og redningsteneste eller under trening eller prøving for slik teneste.
- d) Hund i aktiv bruk som ettersøkshund etter såra eller sjukt vilt
- e) Organisert hundetrening etter avtale med grunneigar

§ 3. Bandtvang

Hund skal til ein kvar tid holdast i band eller forsvarlig innestengt eller inngjerda.

§ 4. Dispensasjon

Det kan, etter søknad, gjevast dispensasjon frå føresegna i særskilte situasjonar, der ein dispensasjon ikkje er forventa å medføre ulemper for det viltet forskrifta skal beskytte.

§ 5. Hund som springer laus

Ein kvar kan oppta laus hund i bandtvangstida. Hunden skal leverast til hundeeigaren. Dersom det ikkje lar seg gjere, skal hunden snarast leverast til politiet. Det visast elles til hundeloven § 10 for opptak og behandling av lause hundar og hundeloven § 14 om inngrep på staden mot hundar som jagar eller angriper viltet.

§ 6. Straff

Brot på denne forskrift kan straffes i medhald av hundelovens føresegner.

§ 7. Ikraftsetjing

Denne forskrift trer i kraft straks og gjelder inntil vidare, men ikkje lenger enn til 1. april 2018, då ordinær bandtvang for hund startar, jf. hundeloven § 6 første ledd. Kommunen kan, dersom forholda tilseier det, oppheve forskrifta med direkte verknad, jf. hundeloven § 6 tredje ledd.

Kommunens innføring av bandtvang etter hundeloven § 6 andre ledd bokstav f kan klagast til Fylkesmannen i Oppland